
Vår referanse 2020/56411-2
Dato 30.06.2020

Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Svar på forslag til endring av dato for tilpassing til krav i tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg (20/106979-1)

Vi viser til brev frå Vegdirektoratet om forslag til endring av dato for tilpassing til krav i tunneltryggleiksforskrifta (TSF) for fylkesveg, datert 12. juni 20. Brevet tar utgangspunkt i ei tilleggsbestilling frå Samferdselsdepartementet, som legg til grunn eit behov for ei vurdering av gjeldande tidsfristar i tunneltryggleiksforskriftene:

«Renovering av tunneler for å oppfylle kravene til sikkerhetsnivå, skal utføres etter en tidsplan, og skal være fullført innen 1. januar 2023 med mulighet til forlengelse inntil 5 år etter søknad til Vegdirektoratet. Fylkeskommuner med stor tunnelmasse eller med tunneler med stor kompleksitet kan etter søknad til Vegdirektoratet gis forlenget frist inntil 01.01.2031.»

På grunn av kort svarfrist har ikkje Vestland fylkeskommunen hatt høve til å handsame saka politisk.

Fylkeskommunane har tidlegare peika på at det er store utfordringar med å få finansiert og gjennomført oppgraderingane innanfor dei økonomiske rammene og tidsfristane som er sett. Fylkestinget i Vestland gjorde i samband med uttale til prioritering av dei viktigaste tiltaka i Nasjonal Transportplan 12. mai (PS 24/2020) følgjande vedtak (punkt 4c):

«Tunneltryggleiksføreskrifta er eit nasjonalt krav som ikkje er tilstrekkeleg finansiert. Vestland har i dag om lag halvparten av alle fylkesvegtunnelane i landet og vil ikkje klare fristen med dei ressursar som er stilt til rådvelde.»

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har også tidlegare vist til at det er særskilte utfordringar å gjennomføre oppgradering etter TSF innan dei fristar som har vore sett. Grunngevinga er den store tunnelmassen som Vestland fylke no har ansvaret for, sett opp mot statlege løyvingar til å oppfylle krava i forskrifta.

Av tabell C-fk i Grønt hefte (2020, s 55) går det vidare fram at oppdaterte berekningar gjennomført av Statens vegvesen gir redusert kompensasjon for oppgradering etter forskrifta for Vestland fylkeskommune. Endringane er basert på kor mykje den enkelte fylkeskommune har fått i kompensasjon så langt.

Fleire av fylkeskommunane har framheva at grunnlag for statleg finansiering, slik det kjem fram i tabell C-fk i Grønt hefte, ikkje står i forhold til kva det faktisk kostar å få oppgradert tunnelane etter krav i forskrifta. Med dette som utgangspunkt bør staten ta ansvar for å auke dei statlege overføringane.

Det er også fleire tiltak som følgje av handbøkkkrav som bør finansierast og gjennomførast samstundes med oppgradering etter TSF. Ein ser det som viktig å unngå dobbeltarbeid. Samla sett gir dette eit ekstra økonomisk løft for fylkeskommunen innan fristane som gjeld for TSF.

Vestland fylkeskommune har med utgangspunkt i finansiering og kapasitetsmessige forhold, ikkje moglegheit til å få oppgradert alle tunnelar etter forskrift innan den fristen som i utgangspunktet er sett. Fylkeskommunen støttar derfor at frist vert forlenga inntil 01.01.2031.

Vestland fylkeskommune meiner og at dei statlege overføringane for å dekke oppgraderingar etter ny forskrift bør aukast slik at det står meir i forhold til kva det faktisk kostar å oppgradere tunnelane etter forskrifta.

Med helsing

Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør infrastruktur og veg

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift